

Kyrkje posten

August 2022

Informasjonsblad for
Etne og Skånevik sokn



Avskjed med Mali og Per Hjemdal

Bruktaua 10 år

Kvitvin som Jesu blod?



Kyrkja i Etne og Skånevik

Soknerådsleiar Skånevik: Astrid Askeland Johnsen

Soknerådsleiar Etne: Anne Jorunn Lindevik

Leiar Etne kyrkjelege fellesråd: Reidar Leknes

Adresse: Enge 5, 5590 Etne, tlf.: 53 77 11 70

Tilsette:



Aud Jorunn Grønstad Baustad
Kyrkjeverje
krykjeverja@etnekyrkja.no
96 01 68 64



Randi Frette
Kyrkjelydssekretær
sakshandsamar@etnekyrkja.no
53 77 11 75



Per Hjemdal
Sokneprest i Etne
soknepresten@etnekyrkja.no
41 12 65 49



Egil Larsen
Sokneprest i Skånevik
spresten@etnekyrkja.no
99 24 18 70



Elisabeth Vae Haaland
Barne- og ungdomsarbeidar
bua@etnekyrkja.no
90 06 27 28



Linda Horne Hjelmteit
Kyrkjegardsarbeidar
kga@etnekyrkja.no
47 63 47 77



Randi Matre
Kyrkjelydspedagog
tru@etnekyrkja.no
99 64 36 74

Tone Heide
Organist
organist@etnekyrkja.no
41 33 64 09

Forskjell på folk?

Noko av det eg har elskat med å vere prest i Etne, er dei vakre, gamle kyrkje-ne våre. Stødle, Gjerde, Grindheim – historia ligg i tjukke lag både i bygg og interiør, og ikkje minst på gravplassen utanfor. Dette er hus som har vore og vil være viktige for Etnesbuen!

Ikkje for det, eg har elskat å få ny kyrkje også! Det er ikkje så mange prestar som får oppleve å ta i bruk ei heilt ny kyrkje, og sidan få oppleve at også den blir viktig for folket den er bygd for. Men det har eg opplevd at Etne kyrkje har blitt, og det håper eg den vil fortsette å vere: Eit gudshus der det er låg terskel og stor takhøgde.

Forskjellen på dei gamle og nye kyrkje-ne er synleg både utanpå og inni. Eit heilt anna utvendig uttrykk, men også inni: nykyrkja er på mange måtar meir fattig i sitt biletlege språk. Visst har vi eit nydeleg glasmaleri, og det talar til mange, om mykje. Men ein kvar som kjem inn i Etne kyrkje ser at her er det enno mange moglege lerret å fylle, lerret som allereie er fylt framfor alt i Stødle og Gjerde kyrkje, med sine veggmalerier og historiene dei fortel. (Eller som på Frette, der taket syng Bibelens salme 8!)

Blant det som har vore fint med Etne kyrkje, har plasseringa av alteret vært. Det å kunne stå bak alteret, sleppe å vende ryggen til kyrkjelyden, ha det symbolske uttrykk for Guds nærvær midt blant oss, har vært veldig kjært.

Ja, for slik er det: Også handlingar og møbel, plassering og rørsle er fylt med symbolsk mening i kyrkja: når kyrkjelyden reiser seg, kor døypefonten står, og ikkje minst dette litt skumle: Knefallet, eller altarringen. Dit berre dei veldig kristne vågar seg fram. Dit eg, med mi veike tru, enno ikkje har nærma meg.

Men akkurat knefallet er faktisk meir enn eit symbol. Det er også eit vitnes-



Foto: Terje Peersen

byrd: Det er ikkje berre er for dei "veldig kristne". Nei, at ein går ned på kne vitnar om at det er for alle. At framfor Gud er ikkje forskjell på kong Salomo og Jørgen Hattemaker! Anten ein er stortingspresident, konsernsjef, uteliggjar eller alkoholikar – når vi trer fram for Gud, bøyer vi oss. Overgjev vi oss. Treng vi hans nåde.

Det å knele ved eit alter, handlar om dette: Nåde. Det er ikkje noko stolt over å liggje på kne. Tvert om, det er ein overgjeving, ein erkjenning av nederlag: Heilage Gud, dersom du ikkje er nådig mot meg, har eg ingenting å vise til!

Her kjem ein parentes til: (Jo, sjølvsagt har mange mykje å vise til. Gode karakterar, ein flott karriere, ein solid moral, ein fin familie, stort hus og hytte på fjellet. Og Gud gleder seg med deg over alt du har fått til, når det har skjedd på ærleg og reieleg vis. Men *treng* Gud alt dette?)

Gud ser det i livet vi lukkast med, men også alt vi gjer vårt beste for å skjule.

Våre nederlag, våre synder, våre svik og tap. Og det er alt dette som eg *ikkje* er stolt av, eg har med når eg kjem fram og kneler. Når eg bøyer meg for Gud og ber om nåde. Difor ligg eg på kne: Eg er ikkje betre enn nokon andre. Eg treng nåde nett som deg.

Ja, det er løyndomen til dei som ligg på kne ved alteret i kyrkja: At framfor ein heilag Gud, har ingen mykje å vise til. Men vi kan vere GLAD likevel, for Gud elskar oss så høgt at han vil vi skal koma. Nett som vi er. Nett som du er. Fordi du er hans.

Gud vil du skal koma.

OG i all audmjukskap: DET kan du vere stolt av!

Sokneprest
Per Hjemdal



Kyrkja si bruktbu i Etne er 10 år



Frå venstre: Anne Christine Engelsjerd, Jane Mydland, Gunbjørg Matre, Gunnlaug Brekke og Bodil Monsen

Kvar måndag føremiddag er seks damer i sving i Bruktbua i Etne. Dei set fram nye varer i ryddige utstillingar, prisar varer, vaskar og ryddar. Den måndagen Kyrkjeposten fekk koma på besøk er ei av dei opptatt med å kle på dokker som nett har fått tøyet sitt vaska. Alle tekstilar som blir levert blir vaska og strokne før dei kjem i butikken. Damene bruker mykje tid på å få ryddige hyller og fine utstillingar. Ryddigare hyller enn her finn du ikkje i norske bruktbutikkar.

Eit par menn er klar med bilar dersom det er ting som skal hentast eller leverast til kundar. Kjøper du noko som er for stort eller tungt å ta med sjølv kan du bestilla det levert på døra. For ein liten sum kører dei det heim til kjøparen. Dei hentar også om du ringjer og vil gi noko.

Brukbtua er open onsdag og laurdag. Dei har alltid kundar i opningstida, bygdefolk og turistar. «Det er så kjekt når dei finn skattar», seier Gunnlaug

Brekke. Det hender ungdommar som skal på hybel handlar det dei treng her.

Mest kvar måndag legg Bruktbua ut bilete av varer på Facebooksida si. Dermed kan du planleggja kva du vil kjøpa når det opnar onsdag. Damene har kvar si veka ansvar for lista med mannskap og kassen. Låtten sit laust mellom dei og dei seier dette er ein sosial og kjekk måte å gjera dugnad på.

Aud Jorunn Baustad som fører rekneskapen seier at Bruktbua gjennom dei ni åra som er avslutta har gitt 3,7 millionar i overskot. Pengane er først og fremst brukt til å betale ned lånet på Etne kyrkje. Noko er også gitt i støtte til oppussing av Enge bedehus og små innkjøp til kyrkja.

I vårt overflodssamfunn er det djupt meiningsfullt å la ting som elles ville blitt kasta bli tilgjengelege for folk som treng dei. Det hjelper på samvitet til folk som ryddar, at tinga kan koma til nytte for andre. «Det går jo til ei god sak» får damene ofte høyra.

Marta Onstein

5 på Bruktbua!

Kva er det beste du har kjøpt på Etne Bruktbu?



Elise Grindheim

Det er vanskeleg å svare på, for eg har gjort så mange gode kjøp! Men det aller beste har nok vore ein stol som Liv Sørheim viste meg. Den kjøpte eg, og den bruker eg med glede.



Gunnbjørg Ljusnes

Å, det er veit eg godt! Eg fekk kjøpt ei flott seng, med rammemadrass og overmadrass. Den passa perfekt som gjesteseng!



Jorhild Tesdal Håland

Her handlar eg rett som det er, og har mellom anna kjøpt ein mixar som har gitt meg masse gode brød gjennom 4 år no! Den er eg veldig godt nøgd med. No har eg kjøpt ein til dotter mi også, som eg håpar ho blir like glad for!



Tormod Hustveit Mo

Det beste kjøpet eg har gjort, var eit utskore, lite skrin som kom frå far til Einar Halleland. Det kosta 500,-, men var verdt mykje meir. Eg har gitt det til dotter mi på Sand.



Sajih Hamdan

Her på Bruktbua er det mykje fint til huset: møbler, glas, så mange ting. Det er fint med ein billig butikk. Men eg har kjøpt så mykje her, at det ikkje er lett å finne ein ting som er favoritt.



Opningstider

Onsdag 11-16, laurdag 11-15

Velkommen innom for ein god handel!

Frå Etne til Fjell

Like før påske i 2010 køyrdet ein tungt lasta 7-setar inn på tunet i Etne prestegard. Ut steig Per og Mali, med 5 ungar, og ein undulat som straks stakk av og blei borte. Sjølve påskedagen blei Per innsett som sokneprest i Etne.

Dei kom hit frå Laksevåg. Meir enn 12 år seinare går turen tilbake til Bergenstrakten etter at Per er tilsett som sokneprest i Fjell på Sotra.

Både Mali og Per vaks opp i Oslo, men opplevde det ikkje som ein vanskeleg kulturtilkollisjon å koma til Etne. Bygda møtte dei på eit godt og ope vis, og ungar i skulealder gir god inngang i miljøet.

Dei har og fått syn for det gode livet i grisgrendte strok. Fri natur og fjell på alle kantar, fråvær av bilkør, parkeringsproblem og gebyr av mange slag, og ein park rundt prestegarden der ein kan gå lang kveldstur i eigen hage.

Eg spør etter høgdepunkt i tenesta. I ein jamt god prestekvårdag vil der gjerne

vera nokre slike. Og ikkje uventa nemner Per bygginga av Etne kyrkje. Å få vera med på det frå start til slutt var svært inspirerande, og opna for så mykje bra. Ikkje minst er engasjementet hans for borna og konfirmantane stort. Fredagsklubben og dei store konfirmantleiran med hundrevis frå heile landet i den nye kyrkja er minne som blir med vidare.

Mange vil minnast gjøglaren med tilnamnet «presten Per», der han gjennom morosame filmsnuttar på instagram, har preika noko alternativt til oss. Det starta før pandemien trefte, men då kyrkja i den tida etterlyste aktivitet på sosiale media, tok han opp hansken, på mange måtar. Det har vore ein arena der han absolutt kom til sin rett.

«Trua og Jesus gir meg stor glede, og det er fint å få formidla det», lenar han seg smilande fram og seier. Der er så mange fordommar – at dette er livsavgrensande og trist. Det vil han gjerne utfordra.

Intervjuaren minner om at han ber same



Per Hjemdal i kjent positur i Etne kyrkje. Foto: Hans Hjemdal



Klargjering til ny film for Presten_Per

namnet som lærersveinen Peter, og dristar seg til å spørja om der er nokon likskap.

«Det må vera at me begge innimellom pratar før me tenkjer, og trur me veit best, og at Gud ikkje alltid har vore einig i det. Då hender det me må be om tilgjeving».

Så får eg leggja til at Peter hadde mange sider. Han var ein leiar. Namnet tyder klippa.

Og det må seiast at også Per har vore stødig i tenesta mellom oss.

No reiser du, og då kan det høva med avskjedsord. Tal fritt, Per:

Etter ein liten tenkepause understrekar han at me i kommunen vår ikkje er fleire folk enn at me må trekkja saman. Der skjer så mykje positivt i bygdene, både i Etne og Skånevik, som me kunne dela med kvarandre.

«Og sjå etter dei som kjem hit! Innflyttar blir ofte einsame, også her.»

Vil du sakna oss?

Utan tvil! Kjekke folk, gode vene og fin natur. Å gå på vegane og i butikken, kjenna og prata med dei fleste ein møter.

Dette nære får ein ikkje så lett på større plassar.

Men Brann stadion kjem nærare! Han røper at det blir eit framsteg og ei stor glede. Tribunane der blir ikkje mindre velfylde når Per med sitt hus kjem til byen.

Lukka til som havstrilar og prestefolk i Fjell!

Harald Grønnevik

Har du tenkt på dåp?



Dåp i kyrkja set livet inn i ein større sammenheng: Dåpen er Gud som erklærer sin kjærleik til menneska og er en kjær tradisjon i landet vårt.

Dåpen er både ei gáve frå Gud og eit sakrament, eller om du vil: Ei heilag handling. Som med alle gode gáver, stillast det ikkje særlege krav for å ta imot han. Dåpen er for alle, både store og små!

Uansett kvifor du vel dåp, vel du også å bli del av ein tradisjon som har vært og er viktig for menneske i to tusen år. Vi i kyrkja vil også gjerne tilby dåp fordi ein ved dåpen blir medlem. Særleg for små barn er det viktig, for dermed kan vi tilby trusopplæring og mange spennande møte både med Gud, med trua og med kyrkja.

Og hugs: Gáva i dåpen er like stor, anten ein har mange gjester og stor fest, eller om det berre er den som blir døypt, fadarar og stunda i kyrkja. Det er sjølv sagt heilt gratis å bli døypt i Den norske kyrkja.

Velkommen til kyrkja for dåp!

ETNE

Døpte:

- 03.04 - Ida Skjølingstad Eikemo
17.04 - Kai Silde Frønsdal
17.04 - Eirik Åsheim
18.04 - Hennie Åbø
29.05 - Liam Østrem Eikje
29.05 - Trym Ekornrud Krokå
29.05 - Johannes Hundhammer Åsbø
12.06 - Kari Hamre Østvold
12.06 - Hedvig Børve
18.06 - Birk Anton Lindanger Birkenes
24.07 - Pia Flatebø Steine
21.08 - Olav Skjervheim
21.08 - Isak Kaldheim
21.08 - Gustav Heggen
21.08 - Heine Tungesvik Helgeland

Vigde :

- 28.05 - Anita Gravelsæter og Gunnar Melkeraaen
23.07 - Tina Torland Kvia og Trond Grindheim
30.07 - Renate Grønås og Jens Emanuel Hjemdal
12.08 - Solbjørg Samland og Kjetil Toth
13.08 - Kristine Skibeli og Jostein Vae

Gravlagde :

- 08.04 - Harald Magne Ekornrud
20.04 - Grethe Gundegjerde
06.05 - Ingebjørg Kambo
19.05 - Sighbjørn Freim Davidsen
07.06 - Anne Johanne Haaland
10.06 - Bodil Bjerk
24.06 - Nils Trå
25.08 - Tore Einar Harboe
26.08 - Anders Asle Kaldheim

Konfirma



Konfirmantar i Etne sokn

Bak frå venstre: Pelle Hjemdal, Daniel Traet, Kai Silde Frønsdal, Hallvar Austrheim, Bjarte Berge Lillegraven, Olve Grindheim, Johannes Skjølingstad Løhaugen, Eirik Åsheim

Midtarste rad: Sivert Elias Aakre Stålesen, Mari Haug Saltnes, Maiken Näslund Haugen, Sarah



Foto: Rolf Øyjord



Høyland, Monica Sørheim,

Foto: Rolf Øyjord

Lena Grindheim Grønfur,

Elida Ljusnes Jensen, Bjørg Ljusnes Sævareid,
sokneprest Per Hjemdal

Foran: Kristine Hustoft Sortland, Lone Sørheim,
Sofia Jensen, Maria Skrunes Tjelmeland, Flora
Köllö Littlehamar, Stina Matre, Julie Håheim.

Konfirmantar i Skånevik sokn

Bak frå venstre: Peder Sævareid,
Kristoffer Moe Tungesvik, Tobias Johansen, sok-
neprest Egil Larsen

Foran frå venstre: Marius Haugen
Taraldsøy, Ida Magrethe Molnes Sydnes, Keira
Alina Sandanger, Lukas Thör

Konfirmantåret 2021/22 har vore innholds-
rikt! Vi var på Utsikten på weekend, på
Husnes for nattcup og på Framnes for vin-
terleir saman med konfirmantar frå heile
Vestlandet. Undervisninga har blitt innleidd
med gode vaflar i Etne, og like god bakst i
Skånevik. Tema har vore mange og varierte.

Begge prestane seier takk for i år, og lukke
til med vegen vidare!

SKÅNEVIK

Døypte:

06.06 - Harald Eljervik Hopkins

19.06 - Maria Grønfur Nedreskår

09.07 - Isak Molnes Flåte

28.08 - Amanda Ribesen

Vigde:

24.06 - Gro Susanne Rognsvåg og

Daniel Sæle

09.07 - Irmelin Molnes og

Leif Arne Flåte

20.08 - Inga Rullestad og

Sigurd Øyan

03.09 - Jorunn Starefoss og

Nils Kjetil Eikemo

Gravlagde:

07.04 - Signe Karoline Tungesvik

13.05 - Ingbert Markhus

17.06 - Bente Ness

07.07 - Bjørg Rabe Årvik

08.07 - Dagny Johanne Ness

28.07 - Anbjørg Tungesvik

19.08 - Margaret Leonore Hage

19.08 - Svein Martin Bøthun

Nytt frå kyrkjeverja

Grindheim kyrkje

Som mange har sett har Grindheim kyrkje eit stort behov for vedlikehald.

Det er lekkasje i taket og vindauge er også därlege. Grønske på veggene er heller ikkje noko vakkert syn.

Det blir eit større prosjekt her så snart me har midlar nok til det.



Riksantikvaren har dei siste åra bidratt med tilskot til ulike prosjekt. Me håpar at Grindheim kyrkje blir rekna med i neste tilskotsrunde.

Hengebøk: Fellesrådet har hatt oppsaka om dei store hengebøkane bak Grindheim kyrkje.

Trea står på automatisk freda mellomalderkyrkjegard og gravhaug, og er ein karakteristisk del av kulturlandskapet knytt til kyrkja. Dei kan difor ikkje fellast utan løyve frå Vestland fylkeskommune.

Vestland fylkeskommune ber fellesrådet få avklart tilstande på trea, og tynna dei slik at dei ikkje kan medføra skade.

Gåver: Me har fått fleire gåver til Grindheim kyrkje, både minnegåver i gravfærder og også ei gave på 50.000 frå Håland Grendahus. Desse gåvene er me svært takknemlege for, og midlane vil bli brukt til vedlikehald.



Besøk av riksantikvaren



I mai hadde me besøk av 2 representantar frå Riksantikvaren. Med mange gamle verneverdige kyrkjer er det mykje å sjå på, så dei hadde sett av ein heil dag til besøket.

Me hadde søkt om godkjenning av fleire prosjekt, og tiltaka blei gjennomgått og drøfta på synfaringa.

Me starta i dei gamle kyrkjene i Etne, som alle skal få nytt elektrisk anlegg, oppvarming og brannvarsling i løpet av året. På Stødle skal også bordkledning på tårnet utbetraast.

Turen gjekk så til Skånevik, der me hadde god lunsj saman før me såg på aktuelle tiltak der.

Hovudtemaet var ny rullestolrampe som skal lagast i samband med gravplassutviding. Takrennene på kyrkja var også eit tema.

Riksantikvaren tykte me hadde mange flotte kulturbrygg i bygda, som er viktige å ta vare på og halda ved like.

Tiltaka som vart drøfta vil ikkje svekka kulturminneverdiane, men gje betre branngryggleik og bevaring, betre lystilhøve og estetikk.

Namna minnelund



Ved gravplassutvidinga i Skånevik vert det også laga namna minnelund for urner.

Namna minnelund har ikkje eigne gravminne og plantefelt som ved tradisjonell

grav. I staden kan blomar og lys setjast ned på tilvist stad ved muren med felles minnesmerke. Der vert det sett opp plate med namn og dato mm for avdøde.

Namna minnelund er eit tilbod til dei som av ulike årsaker ikkje ynskjer ei vanleg grav med gravminne og bed som skal haldast ved like. Det skal vera ein fin velhalden minnestad, uavhengig av kor ofte pårørande har høve til å besøkje grava.

Dette tilbodet vil etter kvart også koma i Etne.

Kyrkjeverje Aud Jorunn Baustad

Velkommen Tone!



Mange i bygdene våre hugsar Tone frå ho budde og arbeidde her på 90-talet som organist og kulturskulelærar saman med mannen Bjarte. Sjølv var eg barn på den tida og minnast ho med glede både som pianolærar, korleiar og organist. No er ho tilbake i eit årvikariat som kyrkjemusikar. Eg møter henne på første oppdrag i ny jobb, på gudsteneste i Skånevik.

Tone er opprinnelag frå Årdal og pratar på eit trillande flott sognamål, men det meste av sitt vaksne liv har ho budd i Sunnhordland.

Etter at dei for frå Skånevik i -98 har dei budd på Stord.

Ho gir oss ei lita oppdatering: På Stord har ho arbeidd som kulturskulelærar medan Bjarte har vore organist. Dei tre gutane deira har blitt vaksne og er ut av reiret. No er ho klar for å ta fatt på oppgåvene som organist i Skånevik og Etne. Kor kjem me til å treffa Tone? Først og framst blir ho organist i gudstenester, gravferder og bryllaup i bygdene våre. Og dei som kjenner Tone, veit at med henne ved tangentane kan medarbeidarar slappa av og tilhøyrarar nyta. Utover det er ho klar for dei utfordringane som kjem, om det er kor, trusopplæring eller anna musikalsk samarbeid. Ho har fått seg ein hybel i Etne, så nokre kveldar i veka kan me vera heldige å treffa på ho i bygda, men ellers kjem det til å bli mange timer i bil att og fram frå Stord.

Me ynskjer Tone velkommen tilbake, og gler oss til å samarbeida med henne!

Silje Malene Garvik

Prestetenesta i Etne og Skånevik

Søndag 25. september er det avskjeds-gudstenesta i Etne kyrkje for sokneprest Per Hjemdal.

Etter gudstenesta inviterer soknerådet til ei samling der det vert høve til å seie takk til Per og familien. Per Hjemdal tek til som sokneprest i Vesthordland prosti, Fjell sokn.

Rekruttering av ny sokneprest

Soknepreststillinga i Etne er utlyst med søkeradsfrist 18. september. Mange gjer ein god jobb med å gjera kjent den ledige stillinga og venda seg til aktuelle kandidatar. Dette er særsviktig, for erfaringa no er at det er ein krevjande rekrutteringsituasjon i vår kyrkje. Mange stadar opplever dei problem med å rekruttere til ledige prestestillingar.

Plan for vakanseperioden

Vi er takksame for at Egil Larsen held fram som sokneprest i Skånevik. Han vil og vidare gjera teneste i Etne sokn.

Egil Larsen vil gå inn i nokre oppgåver i Etne sokn, men ein vil skjøna at han ikkje kan dekka alle oppgåvene. Ein arbeidar no med ulike løysingar:

- Fungerande sokneprest

Egil Larsen vert fungerande sokneprest i Etne sokn i vakanseperioden.

- Prest i Kyrkjeleg fellesråd

Prosten vil møta i Etne kyrkjelege fellesråd.

- Konfirmantarbeidet

I samarbeid med Etne sokneråd arbeidar ein med å finna medarbeidrarar til å fylgia opp konfirmantane i Etne. Her vil m.a. kyrkjelydspedagogar og prestar vera med.

- Gudstenester

Så langt vi kan finna medarbeidrarar, vil vi ha gudstenester i tråd med gudstenes-teforordninga og utføre dei oppgåvane

som ligg til prestane si teneste, men det kan og bli t.d. færre andaktar og gudstenester. I Sunnhordland prosti har vi framleis tilgang på gode tenester ved pensjonistar. Både Harald Grønnevik, Skånevik og Arne O. Øystese, som og er kjend for mange i Etne, har sagt seg villige til å gjera enkelttenester. Nokre tenester kan og bli ved andre prestar i prostiet samt prosten.



Foto: Ole Haukeland

*Svein Arne Theodorsen,
prost i Sunnhordland prosti*

Tripp-trapp-nytt

Sjølv om skulane har slutta med onsdagsfri, så blir det Tripp Trapp Treff også hausten 2022. I Skånevik startar me opp onsdag 14/9 med ope bedehus frå kl. 13.00, mat (ta med nista) ca. kl. 13.30 og etter mat blir det samling med bibelforteljing og hobbyaktivitetar.

I Etne startar me opp tysdag 13/9 kl. 13.30, rett etter skuleslutt. Me opnar med mat (ta med nista), deretter bibelforteljing og hobbyaktivitet.

Treffa er opne for alle aldersgrupper og me prøver å dele inn i grupper så godt det lar seg gjera, med dei ressursane me har.

Tripp Trapp Treffa blir akkurat som før, berre på eit anna tidspunkt!



Ungdommen er ikkje framtida, men notida vår!



*Kyrkjelydspedagog Randi Matre er tilbake fra permisjon,
og staben har fått tilført Barne- og undomgsarbeidar Elisabeth Vae Haaland*

Det er med stor glede Etne og Skånevik sokneråd kan fortelje at det no er oppretta 30% stilling som barne- og ungdomsarbeidar i kyrkjelyden vår.

Og like kjekt er det at Elisabeth Vae Haaland nå er tilsett i denne stillinga! Elisabeth har vore vikar for kyrkjelydspedagog Randi Matre som har hatt barsel-permisjon. Dermed blir det eit lite team på to som no vil ha barn og unge som målgruppe. Det er når Randi kjem tilbake i stillinga si 1.oktober, at Elisabeth går over i denne nyopprettet stillinga.

Sokneråda ynskjer å ha ein tilsett i kyrkjelyden som skal ha arbeidet sitt spesielt retta mot ungdom. Elisabeth har mange tankar om korleis ho vil starta prosessen med å etablera ungdomsarbeid både i Etne og Skånevik. Ho er open for idear, og er svært glad viss det er ungdommar som har lyst å vera med i planlegging og gjennomføring av ulike tiltak.

Stillinga som barne- og ungdomsarbeidar

skal lønnast av innsamla midlar til nett-opp dette formålet. Det tyder at sokneråda er avhengige av vedvarande god gjeverateneste for å få dette til. Vi håper mange har lyst til å vere med i dette viktige arbeidet. Sjølv ganske små månadlege bidrag kan gjere stor forskjell, berre det er mange nok slike små, seier kyrkjeverja. 20 menneske som gjev 100 kronar månaden, blir nesten 25 000,- på eit år, og for ei deltidsstilling som den vi no opprettar, blir det langt meir enn ein månadsløn. Vi håper folk ser moglegheitene og blir med å byggje kyrkje for framtida, avsluttar ho, før ho legg til:

Kjenner du at du har lyst å bidra økonomisk her, er det berre å ta kontakt med kyrkjekontoret på tlf 55 77 11 70 eller 960 16 864.

Frå Kyrkjeposten si side ynskjer vi i allfall Guds velsignelse over Elisabeth i denne viktige jobben.

Reidun Solberg Sande




Grannar

Lokalavisa for Etne og Vindafjord



An advertisement for fosterhjem.no. It features a photo of a young boy and girl smiling. To the left of the photo is the Bufetat logo, which consists of a stylized 'B' inside a circle. Below the photo, a white box contains text: 'Kan du hjelpe et barn eller en ungdom som trenger et trygt hjem? Nå er det behov for flere fosterhjem i ditt nærområde.' At the bottom of the ad, there is more text: 'Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Bergen om å finne fosterhjem. Mer informasjon om fosterhjem på fosterhjem.no' and a red button with the website address 'fosterhjem.no'. A vertical column of small text on the far left reads 'Illustrasjonsfoto'.





Gudstenestekalender

18. sep.	11.00	Etne	Familiegudsteneste	Egil Larsen
25. sep.	11.00	Etne	Avskjedsgudsteneste	Per Hjemdal
02. okt.	11.00	Gjerde	Gudsteneste	Vikar
09. okt.	11.00	Skånevik	Gudsteneste	Egil Larsen
	19.00	Etne	Gudsteneste	Egil Larsen
16. okt.	11.00	Fjæra	Gudsteneste	Egil Larsen
23. okt.	11.00	Etne	Gudsteneste	Vikar
	16.00	Skånevik	Familiegudsteneste	Vikar
30. okt.	11.00	Etne	Bots- og bønedag	Vikar
06. nov.	11.00	Etne	Helgemesse	Vikar
	17.00	Skånevik	Helgemesse	Egil Larsen
13. nov.	11.00	Etne	Familiegudsteneste	Vikar
20. nov.	11.00	Skånevik	Gudsteneste	Egil Larsen
	19.00	Etne	Gudsteneste	Egil Larsen
27. nov.	11.00	Skånevik	Familiegudsteneste	Egil Larsen
04. des.	11.00	Etne	Familiegudsteneste	Vikar
11. des.	11.00	Ebne bedehus	Gudsteneste	Vikar
18. des.	11.00	Etne	Gudsteneste	Egil Larsen
24. des.	13.00	Frette	Familiegudsteneste	Vikar
	13.30	Fjæra	Familiegudsteneste	Egil Larsen
	14.30	Etne	Familiegudsteneste	Vikar
	16.00	Etne	Familiegudsteneste	Vikar
	16.00	Skånevik	Familiegudsteneste	Egil Larsen
25. des.	11.00	Skånevik	Høgtidsgudsteneste	Vikar
	12.00	Etne	Høgtidsgudsteneste	Egil Larsen
31. des.	17.00	Skånevik	Gudsteneste	Egil Larsen

Kvitvin som Jesu blod?

Nokon har kome til meg og stussa på kvifor vi no får kvitvin når vi går til nattverd i kyrkja. Er ikkje det litt rart? Er ikkje raudvin det som passar best for å minne oss om at vi mottek Jesu blod? Den kvite vinen ser meir ut som vatn enn blod, det er iallfall sikkert!

Men det er gøynt ein løyndom i nattverden: Det har ikkje noko å sei korleis vinen ser ut. Men det har alt å sei kva vinen ER.

Tidlegare var det ikkje vanleg at born gjekk til nattverd. Då var det derimot vanleg at ein serverte vanleg, alkoholhaldig vin også i kyrkja. Det er borna ved nattverdbordet som gjer at det er like greitt å servere alkoholfri vin.

Men det er vin, det vi får når vi kjem. Avalkoholisert, raud eller kvit. Vi kjøper den på Vinmonopolet, i kassar på 12 flaskar á 37,5 cl.

Den dagen eg hadde køyrt frå Etne til Skånevik og oppdaga at det ikkje var meir vin att, var det ikkje eit problem for meg å gå ned på hotellet og låne ei flaske vin der. 12 %. (Eg var innom seinare og gav dei ei flaske tilbake!)

Det er nemleg korkje styrken eller fargen som tyder noko, men at det er vin. Kvifor? Fordi *det var vin Jesus brukte* då han på skjærtorsdag løfta begeret og sa: Dette beger er den nye pakta i mitt blod, som vert utrent for dykk til forlating for syndene.

I kyrkja tar vi Jesus ord på alvor, og tenker at det han sa, tyder noko. Han brukte vin, difor vil vi bruke vin. Han knytte løftet om forlating for syndene til denne vinen, og ved sitt ord gjorde han vinen til sitt blod. Vi gjentar hans ord og løfte og trur av eit heilt og fullt hjarte at også *vinen vi får i nattverden er Jesu blod*. Vi skjønar det ikkje, og vi veit godt at det ikkje ser slik ut, men vi trur det likevel. Slik vi også trur og stolar på at vi får tilgjeving for syndene i nattverden.

Det siste, tilgjevinga, krev rett nok at vi også bed om tilgjeving. Det er ikkje magi, dette, men Gud som gjer under blant oss.

Og fordi det då ikkje er eit symbol og ikkje berre skal *likna på* Jesu blod, men fordi vinen blir til Jesu blod ved Guds ord og løfte, bad eg soknerådet om å bruke kvitvin ei stund. For så fekk eg høve til først å sei, og no altså skrive dette:

Jesus lever, og møter deg heilt på ekte i den heilage nattverden, om du vågar tru det.
Kom og møt ham, du også!

Av Per Hjemdal

